

Træ aa runnar levna

Tone: Gud skal alting laga

1) Træ aa runnar levna
vise os sin trevna
paa si gamle vis
kvart eit straa seg røyse
millum berg aa knøyse
gjev sin skaper pris
eg aa du – med vit aa tru
skulle sjå paa træ aa runnar
med dei ljose grunnar

2) Vaaren er ein hugna
gjev os liv aa dagnad
gjev os arbeidsmot
naar me sjaa det brydda
naar me sjaa det ydda
aa hev fengje rot
aks aa straa – me gled os daa
bort med sut aa illalæta
Gud gjev sol aa væta

3) Vaaren kjen med minnor
baate menn aa kvinnor
skulle vyrdna ha
tenkja meir attenda
alle hugmaal venda
til dei ting so dra
styrkje krev – aa lærdom gjev
so me live gla kan leva
um ein ymse streva

4) Tidar tunge, fæle
minnor heilt usæle
haust so myrk aa svart
naar ein freden sprengje
naud aa svelt seg trengj
inn paa folk i fart
krig aa larm – den vekkje harm
land aa folk til atters draga
verste landeplaga

5) No naar folkje streikte
no naar folkje preikte
i mot synd aa skam
no daa folkje snudde
um til Gud aa trudde
paa vor frelsarmann
eg aa du – um elsk aa tru
Bad til Gud so trutt aa saare
ja med graat aa taare

6) No daa folk seg semja
Ljos aa sanning fremja
rundt i kring paa jord
Offra millionar
aa med ljose vonar
preika Herrens ord
hjärtelag – Guds viljes sak
hadde hugna vaar aa sumar
grøne blad aa blommar

7) Daa kjem krig aa fæle
hugna, fred aa sæla
botnar ut i han
arbeidshugen sagta
ein laut til aa vakta
um sitt fædreland
ingen krig – paa jorderik
skapa hev slik naud aa faare
spilt slik blo aa taare

8) Er no denne faare
straff for synder vore
me faar kjyssa rise
aa vor Herre prise
for saa stor miskund
at han er – so stor aa kjær
Syndi alltid sjølv seg hevnaar
difor slik ulevna

9) Folk paa alle heidar
folk i alle leidar
strevar naut so raa
rike menner prala
kloke menner tala
soleis byggjast maa
ro aa fred – velsignelse
er da besta so kan hyggja
folk aa lande tryggja

10) Gjev det maatte vaarast
himmelfreden kaarast
nok av ungdoms blo
heve runne , silla
Herre Gud kor illa
folkje steller no
fader stor – i gjerd aa ord
gjer paa krigen no ein ende
nok av krigen brende

NB. I anledning verdenskrigen 1914-1918
millum Engl., Frankrig, Tyskland, Belgia
Rusland, Tyrkiet, Ungarn og Austrige o.s.b